



Nissedal, 19.02.22

Vest-Telemarkrådet,
Kviteseidgata 18,
3850 Kviteseid

Klimaplan for Vest-Telemark. Høyringsuttale.

Naturvernforbundet i Vest-Telemark (NVVT) er særst positive til arbeidet med felles plan for dei seks kommunane i regionen. Både utfordringane og moglegheitane er store, og me vil vere betre rusta til å møte dette ved å jobbe saman. Her er nokre innspel frå vår kant.

Innspel:

- Hovudmåla fangar ikkje heilt opp innhaldet i planen. Me saknar noko som peikar ut over reduksjon av direkte Co2 utslepp. Kanskje er det betre å snakke om klimafotavtrykk ?
- Plan med tiltakspunkt bør bli meir konkret, med fleire kvantifiserbare mål og tidshorisont for forventede måloppnåing. Ein kan tydeleggjere ansvar for oppfylging.
- **Arealforvaltning:** Mange kommunar har tatt i bruk arealrekneskap, dette bør inn som eit tiltak for våre kommunar. Ein bør halde seg orientert om utviklinga innan metoden naturrekneskap. Vi viser i den samanheng til **CIENS-rapport2/21 s.26, les rapporten her:**
- <https://www.ks.no/globalassets/fagomrader/miljo/CIENSrapport2021.pdf>
- **Arealforvaltning: For å forvalte noko, må ein vite kva ein har.** Planen gje god kunnskap om samanheng mellom arealforvaltning og klima. Som eit godt verktøy for å få oversikt, og prioritere arealbruk og tiltak, må kommunane få på plass ein kommunedelplan for naturmangfald, der ein legg føre var prinsippet til grunn.
- **Arealforvaltning:** Ein må gjerne vise til tabell over konkrete utslepp ved arealendring for ulike arealkategoriar i planen. Som tiltak vil me foreslå at alle planar og framlegg som medfører arealendring, alltid skal bli presenterte med forventede effekt i form av klimagassutslepp, i saksutgreiinga.
- **Arealforvaltning:** Side 73, andre strekpunkt. Her bør **...som har ressursar til det...** fjernast.
- **Skogbruk: NVVT** konstaterer at det er ulike meiningar om kva som er berekraftig og klimavennleg skogsdrift, ut frå ståstad og interesse. Dette vert det gjort greie for i planen. **NVVT** meiner at målsetting og tiltak under **Skogbruk** på s. 74 i større grad må gjenspegle det komplekse i ei berekraftig forvaltning. Me meiner at kommunane må ta meir ansvar for oppfylging av skjøtsel og hogst.

Fleire stader i landet blir det jobba med alternative driftsformer – fleiralderskogbruk og plukkhogst, der ein både søker auka lønsemd og betre samspel mellom næring og natur. Me ynskjer at Vest-Telemark er med på denne utviklinga. Gjødsling av skog er eit særst omdiskutert tiltak, og bør ikkje vere med i planen (s.41).

- **Kompetanse: NVVT** håpar at planen fører til meir samarbeid, og satsingar som gje betre tilgang på relevant klima- og miljøfagleg kompetanse i regionen Dette kan gjerne vere ei felles teneste opp mot planavdelinga i kvar kommune. Der er fleire gode døme på fagsamarbeid i Vest-Telemark.

Helsing

Styret i Naturvernforbundet i Vest-Telemark